

# TERMPOSTEN


Nr. 2  
desember 2017

SPRÅKRÅDETS NYHEITSBREV  
OM TERMINOLOGI

## INNHALD:

---

<a href="#"><u>Redaksjonens vindauge</u></a>	2
<a href="#"><u>Sidan sist</u></a>	2
<a href="#"><u>Nyheiter</u></a>	3
<a href="#"><u>Visste du at? Ordbøkene som app</u></a>	3
<a href="#"><u>På kornet – portrettintervju med Henrik Nilsson</u></a>	4
<a href="#"><u>Aktuell term: gravitasjonsbølgje og LIGO</u></a>	4
<a href="#"><u>Spørsmål og svar 1: Kva bør chatbot heite på norsk?</u></a>	5
<a href="#"><u>Spørsmål og svar 2: Norsk ord for elevator pitch?</u></a>	5
<a href="#"><u>Smakebitar frå nordiske termbasar</u></a>	5
<a href="#"><u>Terminologgen</u></a>	6
<a href="#"><u>Nokre komande arrangement</u></a>	6



## Redaksjonens vindauge

2017 har vore et travelt år for Språkrådet. Vi arrangerte den nordiske terminologikonferansen Nordterm 2017 på Kongsberg i juni, vi har arbeidd vidare med den felles handlingsplanen med Standard Norge, vi har delteke i fleire terminologiprojekt og i arbeidet med å lage ein standard for omgrepsbeskrivingar for å nemne noko.

I vår var det i tillegg lenge uklart kor Språkrådet skulle vere lokalisert framover. Språkrådet var blant dei statlege etatane som vart vurdert for flytting ut av Oslo, men i juni vart det klart at Språkrådet ikkje blir flytta, men blir verande i Oslo.

Eit travelt år gjev resultat, og fleire av desse resultatane kan du lese om i resten av Termposten, mellom anna om terminologiprojekt som er avslutta, og om nye prosjekt som startar opp. Andre godbitar er intervju med Henrik Nilsson ved TNC i Sverige og omtale av den svenske Rikstermbanken.




Vi ønskjer alle ei riktig god jul og eit godt nytt år!

## Sidan sist

### Rapporten frå Nordterm er klar

Nordterm 2017 er over, og rapporten frå konferansen er no klar til nedlasting. Rapporten inneheld artiklar basert på innlegga på konferansen. Viss det ikkje er nokon artikkel i rapporten, finn du samandraget (*abstract*) til innlegget. I tillegg inneheld rapporten dei ulike landrapportane frå Nordtermforsamlinga.

Vi trykker opp rapporten på bestilling, og viss du vil ha ein trykt versjon, kan du sende ein e-post til [nordterm2017@sprakradet.no](mailto:nordterm2017@sprakradet.no) med bestilling. Fristen for bestilling er 15. januar, og vi trykker berre opp så mange eksemplar som blir bestilt innan fristen.



### Ny termliste for lingvistikk

Eit toårig prosjekt for kognitiv lingvistikk vart også avslutta i år, og [ei norsk-engelsk termliste med definisjonar for 113 omgrep er fritt tilgjengeleg i Språkrådets termwiki](#).

Ei gruppe samansett av forskarar frå Høgskolen i Oslo og Akershus, Universitet i Oslo, Universitetet i Bergen og UiT Noregs arktiske universitet har i to år arbeidd seg gjennom grunnleggjande omgrep i kognitiv lingvistikk. For fleire av omgrepa har det mangla norsk term, og gruppa har danna fleire norske fagtermar undervegs, til dømes *innprenting* for *entrenchment* og *primærdeltakar* for *trajectory*.

Termprosjektet i kognitiv lingvistikk er eitt av fleire prosjekt i UH-sektoren som tek sikte på å utvikle termlister mellom norsk og engelsk på sine felt.

### Lansering av termar innan kjønnsforskning

Den 30. oktober 2017 vart ei ny termliste med termar innan kjønnsforskning lansert.

Språkrådet har ved to høve gitt støtte til terminologiprojekt, og det første prosjektet som fekk støtte, var prosjektet «Fagtermer i kjønnsforskning». Prosjektet har utvikla ei liste med grunnleggjande fagtermar og definisjonar for kjønnsforskningsfeltet, på bokmål, nynorsk og engelsk.

Resultatet av arbeidet vart lansert den 30. oktober i år på eit halvdagsseminar der mellom andre Språkrådets direktør Åse Wetås deltok.

Prosjektet var forankra i fagmiljøa ved fire universitet: Universitet i Oslo, Universitetet i Bergen, UiT Noregs arktiske universitet og NTNU. [Resultatet av arbeidet er ei termliste med 42 termopstar som er presenterte i Språkrådets termwiki](#).

## Nyheiter

### Nye termprosjekt

Siden sist utgave av Termposten har det blitt satt i gang et [nytt termprosjekt i celle- og molekylærbiologi](#). Fagfolk fra NTNU, UiO og Oslo universitetssykehus arbeider i gruppa, og terminologien blir registrert i Språkrådets termwiki.

[Termprosjektet for astronomi](#) er også i full gang og har hatt to møter i høst. Dette prosjektet blir koordinert av Maria Hammerstrøm og benytter også termwikien.

### Eksportfunksjon i termwikien

Språkrådets termwiki har no fått ein eksportfunksjon som gjer at det terminologiske innhaldet til dei ulike kategoriane kan eksporterast til termbasar eller andre språkteknologiske verktøy.

Dei ulike termprosjekta har rettane til innhaldet i kategori-ane sine, så Språkrådet må kontaktast ved eksport. [Sjå meir på nettstaden til termwikien](#).

### Oppskrift på terminologi

[Sist utgåve av Statsspråk](#) var dedikert til terminologi. Her kan du m.a. lese ei lågterskeloppskrift til korleis ein kan organisere eit terminologiprojekt i åtte steg.

Statsspråk inneheld også ein artikkel om korleis Miljødirektoratet arbeider med norsk og engelsk terminologi på klimafeltet. Det same gjer også Bioteknologirådet på sitt felt, og begge direktorata samarbeider med fagfolk i UH-sektoren.

### Samordningsmøte

Fredag 19. januar skal Språkrådet arrangere eit møte for termbase- og termbaserelaterte miljø i Noreg.

Formålet med møtet er at deltarane kan utveksle erfaringar og finne moglege samarbeidsformer i framtida.

Bakgrunnen er at Språkrådet skal ha eit overordna, nasjonalt ansvar for å samordne utviklinga og tilgjengeleggjeringa av norsk terminologi.

### Språkdagen 2018

Språkdagen arrangeres 15. mars 2018. Hovedtemaet er framtida for norsk, og Språkrådet har opprettet et eksternt «framtidsutvalg» som skal se på hvilke områder Språkrådet bør prioritere framover for best mulig å styrke norsk språk. Dagen er delt mellom tre temaer: digitalisering, fagspråk i høyere utdanning og næringsliv samt flerspråklig arbeidsliv.

Mer informasjon kommer på Språkrådets nettsider.

### Ustabil i våre naboland

Copenhagen Business School, CBS, har besluttet å legge ned det siste av sine språkrelaterte studier. Terminologiarbeidet ved CBS står dermed i fare for å forsvinne på sikt, og DAN-TERM Research er sterkt redusert.

I Sverige er det fortsatt usikkerhet rundt fremtiden til Terminologisentrum TNC. TNCs statlige bevilgning er halvert, og antall ansatte i TNC er sterkt redusert.

## Visste du at? Ordbøkene som app

I sommar lanserte Språkrådet og Universitetet i Bergen (UiB) appen Ordbøkene, som er gratis og kan lastast ned i Play Butikk og AppStore.

Bokmålsordboka og Nynorskordboka har vore tilgjengelege på nett i lang tid, men formatet har ikkje vore tilpassa små skjermar. Med ordbokappen er svaret på korleis ord vert skrivne og bøyge aldri lenger unna enn mobiltelefonen.

Tilbakemeldingane frå brukarane så langt viser at appen er rask og enkel å bruke.

I arbeidet med appen har Språkrådet vore med heile vegen og arbeidd tett saman med utviklarane og med UiB. Språkrådet har ansvaret for at innhaldet i Bokmålsordboka og Nynorskordboka vert attgjve på ein god og korrekt måte. Vi har òg sikra at utforminga av appen følgjer etablerte standardar for elektroniske ordbøker.

Ordbøkene er viktige for Språkrådet fordi dei formidlar kunnskap om rettskriving og bøyning til fleire brukarar, spesielt til skoleelevar og studantar.



## På kornet – portrettintervju med Henrik Nilsson

Henrik Nilsson er terminolog i TNC i Sverige.

### Kva er det beste med jobben?

Att t.ex. få träffa och lära av experter är en ynnest – och kommer man bara ihåg en bråkdel av allt man stöter på och tränger in i under en arbetsdag har man ökat sin allmänbildning exponentiellt. Men också att jobbet är omväxlande och hela tiden utmanar ens grundvalar – skärskådar man skillnaden mellan begrepp framträder oftast nyanser som man inte hade anat.

### Kva utdanning har du etter vidaregåande skule?

Jag har studerat till informatör, men har också magisternivå i franska och engelska och kandidatnivå i danska.

### Hva var favorittfaget ditt på barneskulen?

Jag tyckte att det mesta var roligt i skolan, men biologi och kemi – och språk, särskilt engelska – låg i toppen.



### Kvifor er arbeid med terminologi viktig?

Terminologi berör alla, åtminstone i något läge och under någon tidsperiod, och är ofta en förutsättning för forståelse och en lösning på många missförstånd. Få saker kan nog ge sådana aha-upplevelser, särskilt om sådant man trodde man hade ett hum om.

### Om du kunne velje eit anna yrke, kva for eit og kvifor?

Förmodligen något annat språkrelaterat – eller botaniker! Sedan jag var liten har jag letat, samlat och pressat växter – och min vänstra hjärnhalva pockar fortfarande på uppmärksamhet ibland.

### Kva les du helst på fritida?

Fackböcker, men även en hel del skönlitteratur eftersom jag är med i två bokcirklar – en för svensk och en för dansk skönlitteratur.

### Kva er favorittermen din?

Jag är förtjust i *würm* (en geologisk benämning på 'istid under yngre pleistocen i Alperna') eftersom både *w* och *ü* ingår. Och för att den termen påminner om *vurm* som jag tycker är ett positivt och livsledande ord.

## Aktuell term: *gravitasjonsbølgje* og *LIGO*

Årets nobelpris i fysikk vart tildelt Rainer Weiss, Barry C. Barish og Kip S. Thorne frå forskargruppa LIGO/VIRGO for avgjerande bidrag til utviklinga av LIGO-detektoren og observasjonen av gravitasjonsbølgjer, [ifølgje nobelkomitéen](#).

I september 2015 vart gravitasjonsbølgjene i universet observerte for aller første gong. Dei har likevel vore postulerte av Albert Einstein for eit hundreår sidan.

Omgrepet 'gravitasjonsbølgje' er definert som 'krusninger i tidrommets geometri som brer seg med lysets hastighet' av [gruppa for astronomisk terminologi](#) (sjå nyheitsnotisen på side tre).



Figur: Gravitasjonsbølgjene som vart observerte i 2015

Gravitasjonsbølgjene som vart observerte i 2015, stammar frå samanstøyten mellom to svarte hòl, og det har teke bølgjene 1,3 milliardar år å reise til LIGO-observatoria i USA.

LIGO er eit akronym for det engelske *Laser Interferometer Gravitational-Wave Observatory*, som ville verte noko slikt som – hald pusten! – *laserinterferometergravitasjonsbølgjeobservatorium* på norsk.

Med andre ord er etterleddet i *LIGO-observatoriet* strengt teke ikkje naudsynt å ta med sidan o-bokstaven i akronymet står for nettopp det. Samstundes er slike såkalla tautologiske samansetjingar ikkje heilt ukjende i språket vårt. Vi skriv gjerne *ISBN-nummer*, men den siste n-bokstaven i forkortinga står jo for nummer. Andre slike døme er *cd-plate*, *RIB-båt*, *IT-teknologi* og *IC-krets*.

Spørsmål og svar 1: Kva bør *chatbot* heite på norsk?

Fenomenet *chatbot* byrjar å verte meir og meir vanleg, no også i fleire kommunar.

Kva bør det heite på norsk?

*Chatbot* er eit samansetjing med dei engelske orda *chat* ('prat, nettprat') og *bot*, som er sisteleddet i *robot*. Det er snakk om ei programvare som skal forstå naturleg språk, både munnleg og skriftleg, og som gjev svar tilbake. Det er altså ikkje ein fysisk robot, men eit dataprogram som byggjer på kunstig intelligens.

Slike programvarer vert nytta i mellom anna kundebehandling og kunnskapsinnhenting.

Nokre journalistar nyttar *digital assistent* og *virtuell assistent*, men dei er nok for upresise. *Snakkande robot*, *snakkerobot* og *talerobot* vektlegg nok det munnlege for mykje, og er difor ikkje heilt treffande. Eit betre alternativ er *praterobot*. Ordet *prate* har tradisjonelt tydd munnleg dialog, men vert i dag også nytta om skriftleg kommunikasjon via internett, jf. definisjonen av *nettprat* i [ordbøkene](#). Eit anna alternativ som kan fungere godt, er *samtalerobot*.

Spørsmål og svar 2: Norsk ord for *elevator pitch*?

Jeg lurer på om dere har hørt om et godt alternativ til begrepet *elevator pitch*? Det nærmeste jeg har kommet til nå, er «heis-pitch», og det er ikke særlig tilfredsstillende, synes jeg.

Journalister snakker ofte om *pitch*, en kort presentasjon som skal overbevise redaktøren om at en sak bør trykkes. Begrepet blir også brukt i flere bransjer om det å selge inn en sak eller et produkt. Mange bruker allerede det selvforklarende norske ordet *innsalg*, og vi mener at flere burde gjøre det – i stedet for å strø om seg med engelske ord.

Varianten *elevator pitch* er en enda kortere presentasjon, som man ideelt sett skal kunne gi i løpet av en kort heistur. Her kan man spinne litt videre på innsalg-forslaget, og *heis-innsalg* kunne vært et alternativ. Det er vel imidlertid like lite selvforklarende som «heis-pitch» og kanskje er *kort innsalg* et vel så godt alternativ.

## Smakebitar frå nordiske termbasar: Rikstermbanken

Finn ikkje du termen du leitar etter, i ein norsk termbase? Då kan du kanskje ha hellet med deg i den svenske [Rikstermbanken](#).

Her finn du t.d. ein omfattande definisjon av omgrepet [klar-språk](#). Og lurer du på om det er skilnad mellom [del](#), [komponent](#) og [element](#)? Her skil svensk og

norsk seg neppe noko særleg.

Har du støytt på den falske venen *handling* på svensk? [Her finn du definisjonen](#).



Rikstermbanken inneheld over 100 000 termpostar, meste parten av dei med svenske og

engelske termar, men òg termar på norsk og mange andre språk.

Rikstermbanken vart etablert i 2009 som den nasjonale term-basen for svensk språk, og han er utvikla av Terminologicen-trum TNC. Termbanken har difor innhald frå svært mange ulike fagområde.

## TERMINOLOGGEN

Du finn ein oppdatert kalender over komande terminologirelaterte arrangement på nettsidene våre: [www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Terminologi/kalender/](http://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Terminologi/kalender/)

### Nokre komande arrangement

**15. mars 2018** vert Språkdagen, Språkrådets årlege dagskonferanse om språk, arrangert i Lille Sal i Oslo Konserthus. Målet med Språkdagen 2018 er å rette merksemda mot område som er særleg dagsaktuelle og kjem til å prege språksituasjonen framover. Meir informasjon kjem på [www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no).

**25.–26. mai 2018** samlar musikkinteresserte terminologar seg i Zagreb, Kroatia. Der vil nemleg [konferansen Terminology research in musicology and the humanities](#) gå av stabelen.

**7.–8. juni 2018** vert [TOTh-konferansen om terminologi og ontologi](#) arrangert igjen. Denne gongen skjer det i Chambéry i Frankrike.

**9.–13. juli 2018** går TermNets årlige sommerskole, [International Terminology Summer School 2018](#), av stabelen i Wien i Østerrike. Sommerskolen er den største internasjonale sommerskolen for dem som arbeider med terminologi, og det er allerede åpnet for registrering.

#### TERMINOLOGIARBEID I SPRÅKRÅDET

*Postadresse:*  
Postboks 8107 Dep  
NO-0032 OSLO

*Besøksadresse:*  
Observatoriegata 1 B  
NO-0254 OSLO

Telefon: 22 54 19 50  
Telefaks: 22 54 19 51  
E-post: [term@sprakradet.no](mailto:term@sprakradet.no)  
[www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no)  
[www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no)

**Språkrådet**

RIKTIGE TERMAR  
GIR GODT FAGSPRÅK

Språkrådet har eit overordna, nasjonalt ansvar for å samordne utviklinga og tilgjengeleggjeringa av norsk terminologi. Arbeidet med terminologi er plassert i seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning. To rådgjevarar arbeider på området, og dei samarbeider tett med Språkrådets fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning. På området skal Språkrådet

- ta initiativ til, leggje til rette for og samordne aktivitet
- vere ein aktiv pådrivar for forskings- og utviklingsarbeid
- søkje å koordinere praktisk terminologiarbeid i næringslivet
- assistere fagmiljø og hjelpe til med å byggje opp termbasar
- byggje alliansar som kan føre til auka interesse og ansvar for norsk terminologi og fagspråk
- gi råd til offentleg forvaltning, næringsliv og publikum

[www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Terminologi/](http://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Terminologi/)

Språkrådet gir ut ei rekkje publikasjonar, blant anna *Termlosen*, ei innføring i terminologiarbeid. [Du kan lese meir om Termlosen her.](#)